



God beskjed

Det du viser på skjermen:	Handling
Opne sida	Introduser måten å jobbe på: Vi skal ha ei lita temaøkt frå Livet&Sånn. Vi skal sjå ein film og de skal få snakke saman i smågrupper. Filmene og opplegget er laga av psykologar og barnevernspedagog, ein kompetanse som supplerer den vi har i skolen. Vi brukar dette saman, men eg har ikkje rolla som ekspert eller foredragshaldar.
	Vis filmen God beskjed - YouTube
	Del ut ark og forklar oppgåva. Dei skal jobbe 3 saman, der 1 er vaksen og dei andre er barn. Oppgåva er å få barna til å rydde, og dei skal først prøve ein lite gunstig beskjed, og så prøve ein «god beskjed». Om de har tid kan de gjerne bytte på rollene slik at alle tre får prøve det same. Dei skal også reflektere over korleis det kjennes å gi og å høyre slike beskjedar.
<ol style="list-style-type: none"> 1 <ul style="list-style-type: none"> • Sjekk og juster eigen tilstand. • Ha tru på at du får barnet til å samarbeide! 2 <ul style="list-style-type: none"> • Oppnå kontakt med barnet. • Armlengd avstand og lik ansiktshøgde er fint. 3 <ul style="list-style-type: none"> • Sjekk og juster barnet sin tilstand. • Er der følelsar og bør bekrefte før beskjed? • Treng barnet hjelp til å kome inn i toleransevinduet sitt? 4 <ul style="list-style-type: none"> • Gi beskjed med få, enkle ord, og mild vennleg stemme. • Beskjeden bør handle om kva barnet skal starte med, ikkje slutte med. • Legg til «...er du snill» til slutt. 5 <ul style="list-style-type: none"> • Følg opp! • Bli verande med barnet til barnet følger beskjeden. • (Tel inni deg til 10 og gjenta på same måte ved behov) 6 <ul style="list-style-type: none"> • Vis at du er fornøgd med barnet når barnet følgjer beskjeden! 	<p>Snakk saman litt til slutt: korleis kan vi huske å bruke dette i kvardagen?</p> <p>Skal alle prøve dette så ofte som mogleg ei veke og så høyrer vi kva erfaringar de har gjort neste gong vi treffast?</p> <p>Skal vi henge opp plakaten på do eller pauserom?</p> <p>Andre forslag som kan vere lure for å huske å prøve dette?</p>
Grå boks øvst – lær meir om dette	Vis at dei kan gå inn på denne og finne tips til kvar dei kan lære meir om temaet.